

Vil du vere treningskontakt?

Er du over 18 år, glad i fysisk aktivitet og likar å jobbe med menneske? Då kan du bli treningskontakt!

Det vert arrangert eit kurs i Skodje for alle som ynskjer å vere treningskontakt.

Kurset går over 5 dagar / kveldar: 23.-25. april, 28. april og 3. mai.

Kurset er gratis!

Ta kontakt med folkehelsekoordinatoren for meir informasjon og påmelding.

Epost: malin.piegsa@skodje.kommune.no

Renovasjon

Hugs at henting i veke 14 (påske), 20 (17. mai) og 21 (pinse) vert ein dag seinare enn vanleg, d.v.s. at tysdagsruta vert køyrt på onsdag, og onsdagsruta vert køyrt på torsdag.

Papirinnsamling for rute 9 i veke 19 (Kristi himmelfartsdag) vert fredag 14. mai.

I renovasjonskalenderen som er sendt ut tidlegare, står dei rette datoane.



Skodje kommune

ønskjer alle

God Påske!

Skatteoppkrevjaren informerer

God skatteinngang

Skatteinngangen i Skodje kommune har auka kraftig dei siste åra. Kommunen sin andel av skatteinngangen i 2009 var på 80 mill. kroner. Dette er ei auke på vel 5 % i høve til 2008.

Restansesituasjon

Det er pr. 1. mars innbetalt 98,7 % av den totale utlikna personlege restskatt for 2008 på kr 8,3 mill.

Bedriftene står for innbetaling av store beløp når det gjeld arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk. Totalte krav for desse skatteartane var for 2009 kr 156,7 mill. Ved utgangen av februar var 99,4 % av alle desse krava betalte. Dette syner at både betalingsevna og betalingsviljen er stor.

Unngå restskatt og rentetillegg

Dei som vil unngå restskatt og rentetillegg ved skatteoppgjøret for 2009, kan betale inn tilleggsforskot. Fristen for slik innbetaling er 30. april 2010.

For næringsdrivande og aksjeselskap er fristen 31. mai.

Beløpet kan betalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkonto 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. Dette kan lagast på www.skatteetaten.no. Hugs å velje 2009 som inntektsår. KID-nummer kan du òg få ved å ta kontakt med skatteoppkrevjarkontoret.

Sommarvikarar

Prestemarka bu- og dagtilbod treng ferievikarar til aktiv teneste både ute og inne. Ferievikarane skal sjå til at dei som bur her får ein god sommar, både kvardag og ferie. Kan dette vere noko for deg?

Bebuarane på Prestemarka har ulike behov, og tenestene er tilpassa dette.

Vi oppmodar spesielt studentar frå vernepleie / sosionom / barnevern / sjukepleie, og frå andre aktuelle høgskular, samt hjelpepleie- og fagarbeidarelevantar til å søkje. Men også andre søkjarar er interessante.

Vi har eit kjekt arbeidsmiljø med trivelege kollegaer. Det kan påreknast turnusarbeid med dag-, kveld-, natt- og helgevakter.

Vi vil ha ein skriftleg søknad frå deg, og søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside. **Søknadsfrist er sett til 28. mars.**

For nærare informasjon, kontakt einingsleiar Kari Tidemann, tlf. 70 24 48 90 eller avdelingsleiar Reidun Davik, tlf. 70 24 40 29. Du kan også lese meir om oss under «Service og tenester, Bu- og dagtilbod», på www.skodje.kommune.no.

SFO-plass

Søknad om SFO-plass for skuleåret 2010-2011 for elevar på 1. - 4. trinn, vert å sende Skodje kommune, servicekontoret, 6260 Skodje.

Plass i skulefritidsordninga vert tildelt for eitt skuleår om gongen. Det må derfor sendast ny søknad kvart år.

Søknadsskjema får ein på servicekontoret, på skulane eller på www.skodje.kommune.no.

Søknadsfrist: 1. april.

Rusførebyggjing

Skodje kommune er i gang med å utarbeide ein ruspolitisk handlingsplan. Det inneber eit langsiktig arbeid med å leggje til rette for førebyggjing, behandling og rehabilitering på rusområdet.

Etter det første arbeidsseminaret, der kommunen var breitt representert, vart det bestemt at satsingsområda i første omgang skal vere ungdomskultur, oppvekstmiljø og foreldrerolla som ressurs.

Skodje kommune samarbeider med Kompetansesenteret Rus MidtNorge, og kommunane Norddal, Stordal og Ørskog i dette arbeidet.

Helsesenteret

Fastlege John Espen GjØen har eitt års permisjon frå 15.02.10, og det er dr. Knut Egil Eik som er vikar for han i denne perioden. Han var her som turnuslege hausten 2008 og er såleis allereie godt kjend med kommunen.

Vi har òg fått ny turnuslege frå 15.02.10. Den nye legen heiter Siv Elisabeth Rein. Ho har vore eitt år som turnuslege på Ålesund sjukehus før ho kom hit.

Renovasjon

Alle som er med på renovasjonsordninga i Skodje kommune, skal ha fått eit kort (strekkort) som skal nyttast ved levering av avfall til Bingsa avfallsmottak i Ålesund.

Dersom det er nokon som ikkje har motteke slikt kort, må dei ta kontakt med servickontoret snarast.

Endring i renovasjonsforskrift

Offentleg ettersyn

Kommunestyret i Skodje vedtok i møte 27.10.09, sak 56/09 endring av § 5 i «Retningsliner for oppbevaring og innsamling av avfall i Skodje kommune». Saksdokumenta vil vere tilgjengeleg på servicekontoret i Skodje rådhus, i perioden frå 01.03. til 26.04.

Eventuell merknad vert å sende Skodje kommune, 6260 Skodje innan 26. april 2010.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 25. juni. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 17. juni.

Opningstider i påska

Skodje helsesenter og legevakta

Det er vanleg opningstid ved Skodje helsesenter måndag og tysdag i påskeveka.

Onsdag før skjærtorsdag stenger vi kl. 12. Legevaktsentralen formidlar henvendingar mellom kl 12.00 og 14.00 denne dagen.

Legevakta for Skodje, Stordal og Ørskog er lokalisert på Sjøholt, og har desse opningstidene:

Onsdag 31.03.:	14.00 – 20.00
Skjærtorsdag 01.04.:	14.00 – 20.00
Langfredag 02.04.:	14.00 – 20.00
Påskeaftan 03.04.:	11.00 – 17.00
1. påskedag 04.04.:	14.00 – 20.00
2. påskedag 05.04.:	14.00 – 20.00

Utanom opningstidene er det alltid lege på vakt som kan nåast ved å ringje det vanlege legevakt-nummeret - tlf. **70 27 03 00**, eller om det hastar mykje, ring **113**.

Rådhuset

Måndag og tysdag i påskeveka er det vanleg opningstid på rådhuset.

Onsdag før skjærtorsdag stengjer vi kl. 12.

Mange av dei tilsette tek fri desse dagane, så eventuelle møter bør vere avtalt på førehand.

Turnéstopp nærmar seg!

MOT ynskjer å gje ei belønning til alle kommunar som har jobba godt med MOT over lang tid. Derfor legg MOT-ambassadørane Askil Holm og Kenneth Aksnes, og ein liten gjeng frå MOT, ut på tur med ein konsert for ungdomsskuleelevar.

6. april er dagen då MOT-bussen vil stoppe i Skodje, som er ei av dei heldige utvalde kommunane!

Ungdomane i Skodje vil stå i fokus i lag med MOT-gjengen denne dagen, både framfor, på og bak scena under konserten. Vi ser fram til dagen og konserten med fryd, og dette skal verkeleg bli ein festdag!



Vis mot, ta eigne val!

Kulturmidlar og kulturfond

Kulturmidlar og kulturfond er tilskot Skodje kommune etter søknad gir til friviljuge lag og organisasjonar som driv kulturarbeid i kommunen.

Kulturmidlar

Kultur- og haldningsskapande arbeid for barn og unge skal prioriterast.

Søknadsskjema og utfyllande statuttar for tildeling av kulturmidlar og kulturfond finn de på Skodje kommune si heimeside.

Kulturfond

Midlane skal brukast til heil- eller delfinansiering av materiell / utstyr / hjelpemidlar.

Søknadsfrist er **1. april**.



Dette skjer

Konsert

Skodje blandakor held konsert søndag 18. april kl. 19.00 i Skodje kyrkje.

Med på konserten er også Skodje kyrkjekor, Frøydís Moe og Eli Marita Holm.

Dette er ein av fleire konsertar i samband med Skodje kyrkje sitt 150-årsjubileum.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no